

# PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

**STAD:** Finstuen, Bikuben konferansesenter  
**MØTETIDSPUNKT:** 27.09.2018, kl. 10.00 – 15.00

Styremøtet var ope for publikum og presse.

---

## DELTAKARAR FRÅ STYRET

Svein Gjedrem	Leiar
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Mona Hellenes	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Rolf Martin Tande	Styremedlem
Karen Anne Stordalen	Styremedlem
Irene Hopsdal	Styremedlem
Arvid Langeland	Styremedlem
Geir Arne Sunde	Styremedlem

## FORFALL

Anne-Margrete Bollmann	Styremedlem
Bjørn Østbø	Styremedlem

## DELTAKARAR FRÅ BRUKARUTVALET

Inge Aareskjold Fiskvik	Leiar Brukarutvalet
Hjørdis Dahle	Nestleiar Brukarutvalet

## DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Eivind Hansen	Administrerande direktør
Clara Gjesdal	Viseadministrerande direktør
Lasse Hatletvedt	Referent

**Ved starten av møtet var det eit innlegg om forskning v/ Erik Johnsen, Ass. Avdelingssjef ved Avdeling for spesialisert psykosebehandling, Psykiatrisk klinikk**

**SAKLISTE**

**UNDERLAG**

Sak 88/18 A	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 89/18 A	Godkjenning av protokoll	Vedlagt
Sak 90/18 O	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 91/18 O	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 92/18 A	Innspel til internrevisjonar i Helse Vest 2019-2020	Vedlagt
Sak 93/18 A	Utviklingsplan/Prehospital plan	Vedlagt
Sak 94/18 O	Spesialistutdanninga av legar – status for innføringa av den nye modellen i føretaket	Vedlagt
Sak 95/18 A	Lokalisering av ny vaskehall/sterilsentral	Vedlagt
Sak 96/18 A	Sal av Kvassnesvegen 65	Vedlagt
Sak 97/18 A	Oppnemning av valstyre for val av tilsettrepresentantar i styret for Helse Bergen HF	Vedlagt
Sak 98/18 A	Møteplan for 2019	Vedlagt
Sak 99/18 O	Eventuelt	Vedlagt
	Skriv og meldingar	Vedlagt
	- Årshjul for styret i Helse Bergen 2018	
	- Protokoll frå brukarutvalet i Helse Bergen	
	- Langtidsbudsjett Helse Vest	

Styret sitt kvarter

## **Sak 88/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden blei godkjende.

## **Sak 89/18 A Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak [samrøystes]**

Protokoll frå styremøte 30. august 2018 blei godkjend.

## **Sak 90/18 O Administrerande direktør (AD) si orientering**

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Ingen kommentarar.

### **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og styremaktkrav**

Ingen kommentarar.

### **3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Det blei stilt spørsmål om i kva grad føretaket har hatt påverknad på svaret som blei sendt på høyringa «Nasjonal beredskapsplan mot utbrudd av alvorlige smittsomme sykdommer og utkast til mandat for og sammensetning av kriseutvalg for beredskap mot biologiske hendelser».

Fagdirektøren fortalde at høyringsfråsegna frå Regionalt kompetansesenter for smittevern har vore på høyring i føretaket utan at det kom nokon tilleggskommentarar. Det blir laga ein eigen pandemiplan for sjukehuset.

### **4. Saker til oppfølging etter styremøtet**

Ingen kommentarar.

## **5. Mediesaker**

Ingen kommentarar.

## **6. Orientering om sak på Barne- og ungdomsklinikken**

Ingen kommentarar.

## **7. Pakkeforløp psykisk helsevern**

Ingen kommentarar.

## **8. Økonomi Barne- og ungdomssjukehuset trinn 1**

Ingen kommentarar.

## **9. Disponering av gåvemiddel**

Det er viktig for styret at det er gode prosessar før ein vel kva ein skal investere i av medisinsk-teknisk utstyr.

## **10. Helseministeren kjem 31. oktober i samband med lansering av Ekspertpanelet**

Det blei spelt inn at pakkeforløp og samhandling med kommunane kan vere aktuelle tema i møtet med helseministeren.

## **11. Seminar med RHF-styret 1. november**

Ingen kommentarar.

## **12. To medarbeidarar har fått St Olavs Orden**

Ingen kommentarar.

## **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen tek meldingane til orientering.

## **Sak 91/18 O Rapport frå verksemda**

### **Oppsummering**

Føretaket har dei siste månadene hatt ei god aktivitetsutvikling, og ligg hittil i år litt over det regionale målet til DRG-aktivitet. Alle sektorar har fleire DRG-poeng enn planlagt, sjølv om psykisk helsevern for barn og unge ligg bak plan når det gjeld døgn- og poliklinisk aktivitet.

Tre av dei fire sektorane innfrir ikkje dei regionale krava til ventetider for pasientar som har starta behandlinga si denne månaden. Unntaket er innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) som innfrir og i august. Dette er eit gjentakende fenomen kvart år, og skuldast verknad av sommarferieavviklinga. Tal fristbrot for pasientar som har fått starta behandlinga si er fortsatt høg, men det ser ut til at vi no har fått kontroll på situasjonen ved Brysttdiagnostisk senter.

Når det gjeld måloppnåing for pakkeforløpa for kreft har den ikkje vore så god som tidligare. Det ser ut til dette mellom anna skuldast auka tid til utgreiing og tilgong på kirurgi. Det vert satt i verk tiltak knytta til registreringsrutiner og analyse av kirurgikapasitet for å betre på forholda.

Når det gjeld måloppnåing av «den gylne regel», her målt som aktivitet og ventetid, ser det ut til at føretaket innfrir kravet om at relativ vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal auke meir enn for somatisk sektor.

Det økonomiske resultatet i august er positivt kr 10,2 mill, kr 1,1 mill betre enn budsjettet. Hittil i år viser rekneskapan eit negativt resultatavvik kr 30,3 mill. Det er risiko for å ikkje oppnå budsjettet aktivitet sidan det er planlagt høg aktivitet i haustmånadane. Føretaket har også hatt kostnader knytt til omstillingar som er vanskeleg å kompensere for. Prognose for året blir derfor sett til kr 90 mill i positivt resultat, dvs kr 20 mill i negativt budsjettavvik.

### **Kommentarar i møtet**

Styret er framleis oppteken av utviklinga i pakkeforløp for kreft. Administrerande direktør gjorde greie for kva som er flaskehalsane og analysen synar at mykje skuldast den kirurgiske og postoperative kapasiteten på sjukehuset. Gjennomstrøm og prioritering av radiologisk kapasitet er og ei utfordring. Det blir då eit spørsmål kva meir ein kan gjere for å sikre at føretaket er robust nok på dette området. Administrerande direktør kommenterte at det vert arbeid med tiltak for å betre utviklinga innan pakkeforløp for kreft.

Eit anna tema styret er oppteken av er strykingsprosenten for operasjonar og kva ein kan gjere for å få den ned. Styret etterlyser og meir informasjon om utviklinga av tilbodet til kronikarane i rapport frå verksemda.

Representantane for dei tilsette peika på at det har vore hardt press på dei tilsette i nokre einingar i sommar. Omfang av meirarbeid og slitasjen på medarbeidarane er stor. Dei er og bekymra for konsekvensane dette har for pasienttryggleiken.

Representant frå Brukarutvalet kommenterte at det for pasientane og er tydeleg at dei tilsette på nokre einingar er sletne og at det ikkje finst ressursar til å gjere endringar til det betre for pasienten. Administrerande direktør oppmoda Brukarutvalet til å kome med tilbakemeldingar når et gjeld ujamn fordeling av belastning og ressursar.

Administrerande direktør kommenterte at administrasjonen ikkje vil gjere store omstillingsgrep før endringane frå budsjett 2018 får tid til å virke. Målet no er å stabilisere drifta i dei einingane der omstillingar har vore gjennomført.

Styret diskuterte talet på korridorpatientar i psykiske helsevern for vaksne. Direktøren for Divisjon psykisk helsevern kommenterte at det er for tidleg å seie noko sikkert om årsaken no. Ein faktor kan vere reduksjon i talet på senger i divisjonen. Ein annan årsak kan vere endring i lov om bruk av tvang, som gjer at pasientane oftare er sjukare og kjem seinare til sjukehuset enn før. Det er truleg også forklaringa på auken i vald og truslar mot dei tilsette dei siste månadane.

### **Til oppfølging**

Styret ønskjer å få vite meir om utfordringane med kirurgisk og postoperativ kapasitet .

Styret ønskjer å få vite meir om tilbodet til dei kronisk sjuke pasientane, som eiga tema eller som oppfølging på dei neste møta.

Styret ønskjer å få ein analyse av tema knytt til korridorpatientar i psykisk helsevern og samanheng med effekt av ny lov om tvang, nedtrekk av sengekapasitet og tilgjengeleg areal.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen HF tek saka til orientering.

## **Sak 92/18 O Innspel til internrevisjonar i Helse Vest 2019-2020**

### **Oppsummering**

Styret i Helse Vest vedtek plan for den regionale internrevisjonen etter innstilling frå revisjonsutvalet. Det skal vere ein årleg prosess om hausten der internrevisjonen i Helse Vest hentar inn innspel frå føretakstyra.

Revisjonsplanane til Helse Vest strekkjer seg over to år om gongen, men med ei årleg rullering slik at nokre tema kan bli nedprioriterte.

### **Kommentarar i møtet**

Det er no etablert som praksis i Helse Vest at alle HF-styra kjem med forslag til Revisjonsutvalet.

Forslag til tema for revisjon vart presentert. Det gjeld nokre av forslaga styret hadde i 2017 som så langt ikkje er tatt med i planane til Internrevisjonen:

1. Vedtak om Mottaksklinikken
2. Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern (tatt med i revisjonsplanen for 2018-2019. Styreleiar ynskjer at særleg barn og unge blir lagt vekk på)
3. Innføring av nye datasystem i regionen
4. Beredskap knytt til legemiddel

Det blei spela inn at omgrepet *Mottaksklinikken* kan bli erstatta med omgrepet *Mottaksmodellen*. Det sentrale i dette temaet er å vurdere om det som er levert i Mottaksmodellen er i samsvar med det som blei lagt fram frå administrasjonen då styret fatta sitt vedtak i saka og ellers er forankra i styret.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret vedtek innspel til internrevisjonen i Helse Vest, planperiode 2019-2020 og sender desse til internrevisjonen i Helse Vest innan frist.

## **Sak 93/18 A Utviklingsplan/Prehospital plan**

### **Oppsummering**

Styret er orientert om Utviklingsplan 2035 undervegs i arbeidet: Planen har vore på agendaen i fleire av møta gjennom 2017 og 2018, seinast 30. august 2018.

Styret har gitt viktige innspel undervegs i arbeidet og desse er innarbeida i planen.

## **Kommentarar i møtet**

Styreleiar poengterte i si innleiing at Utviklingsplan 2035 og Prehospital plan har vore behandla i styret fleire gonger gjennom 2017 og 2018. Involveringa har vore god og dei innspela styret har kome med har blitt tatt omsyn til i planane.

Administrasjonen har i siste runde ikkje hatt vide fullmakter til å gjere endringar i det som styret har godkjent, det er lagd stein på stein i dette arbeidet.

Ein må vurdere bygg for sikkerheitspsykiatri inn i nye revisjonar av planen.

Det er naudsynt med ein ny språkleg gjennomgang av dokumentet, det er ei plan som har lang levetid og det er der for viktig at det har høg kvalitet.

Representantane for dei tilsette framheva at saksframlegget ikkje i stor nok grad tar opp i seg dei innspela som har kome frå arbeidstakarorganisasjonane undervegs i arbeidet. Dei godtek ikkje Utviklingsplanen slik den føreligg no og la fram eit alternativ forslag til vedtak i møtet. Det bygger på at arbeidstakarrepresentantane har eit anna syn på notida og særleg den økonomiske utviklinga framover.

## **Vedtak [mot fire røyster]**

Styret vedtek Utviklingsplan 2035 for Haukeland universitetssjukehus, Helse Bergen HF.

## **Alternativt framlegg til vedtak [ikkje vedtatt – Irene Hopsdal, Arvid Langeland, Karen-Anne Stordalen og Geir Arne Sunde stemte for]**

1. Planen må setja sterkare søkjeljos på spriket mellom oppgåvor og ressursar med sikte på å sikra pasienttryggleiken.
2. Planen må setja sterkare søkjeljos på behovet for sengjeplassar. Det må takast meir omsyn til smittevern, beredskap mot pandemiar og større ulukkor.
3. Planen må skildra mangelen på spesialpersonell nøyare, og det må nemnast konkrete tiltak for å sikra nok kompetente folk på kort og lengre sikt.
4. Avsnittet om arbeidstid er kontroversielt og bør heller handla om samanhengen mellom arbeidstid, helse og pasienttryggleik.



## **Sak 94/18 O Spesialistutdanninga av legar – status for innføringa av den nye modellen i føretaket**

### **Oppsummering**

Opplæringa av Legar i Spesialistutdanning (LIS) er ei av kjerneoppgåvene i sjukehusa. Før var berre den kliniske delen av denne oppgåva i praksis styrt av sjukehusa. Andre deler av utdanninga som målbeskriving, kurs, godkjenning av sjukehusa som utdanningsverksemdar, regel om tenestetid og evaluering av kvalitet på utdanning, var gjort i regi av Den norske Legeforening. I praksis var det spesialistkomiteane, ein for kvar spesialitet, som utøva ansvaret. Sjølve godkjenninga av samla utdanning låg formelt hos Helsedirektoratet, men i praksis var det spesialitetskomiteane som godkjende spesialistar i Noreg.

No tek helseføretaka over spesialistutdanninga og den blir ein heilskapleg del av kompetanseutviklinga. Godkjenning av spesialistkompetanse vil nå skje reelt og formelt i Helsedirektoratet. Denne omlegginga er særskild viktig også fordi LIS-stillingane frå 2015 er faste tilsetningar.

### **Kommentarar i møtet**

Styret meiner det er viktig å sjå utdanningsløpa i kommunane og i sjukehuset i samanheng. Samstundes er det viktig å sikre ein nasjonal overbygging som gir likskap i utdanninga nasjonalt.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek saka til orientering.

## **Sak 95/18 A Lokalisering av ny vaskehall/sterilsentral**

### **Oppsummering**

Det har vore ei rekke saker og utgreiingar i Helse Bergen dei siste åra knytt til ønske om å sentralisere sterilforsyninga i føretaket. I styresak 14/18A ga styret i Helse Bergen godkjenning for å greie ut ein samla og sentralisert funksjon som både handterer vask, dekontaminering og steril forsyning.

Styret får i denne saka ei vurdering av ulike alternativ for lokalisering av sterilsentral, dekontaminering og sterilt lager.

**Vedtak [samrøystes]**

Styret gjev si tilslutning til foreslått plassering av ny vaskehall/sterilsentral på «Siporextomten».

**Sak 96/18 A Sal av Kvassnesvegen 65****Oppsummering**

Helse Bergen skal samle alle sine tenester i Knarvikområdet i det nye helsehuset i Nordhordland. Det er difor planlagt at poliklinikken som i dag ligg i Kvassnessveien 63, skal flytte inn dit når det står ferdig.

Per dags dato føreligg det ingen langtidsplanar i helseføretaket som tilseier at eigarseksjonen vil kunne bli nytta seinare, sidan alle spesialisthelsetenestene i Nordhordland skal bli samla i helsehuset. Ein reknar med at helsehuset er klart for innflytting 3 kvartal 2020.

Administrerande direktør tilrår at Helse Bergen sel eigarseksjonen i Kvassnesveien 63/65.

**Vedtak [samrøystes]**

1. Styret vedtar sal av eigarseksjonen i Kvassnesveien 63 gnr.188 bnr.642 snr.9 i Lindås kommune.
2. Saka vert sendt til Helse Vest for vidare behandling/godkjenning.

**Sak 97/18 A Oppnemning av valstyre for val av tilsettrepresentantar i styret for Helse Bergen HF****Oppsummering**

Styret i Helse Bergen HF skal ha fire styremedlemmer med fire varamedlemmer som skal veljast av og blant dei tilsette, ref føretaksmøtet 20. februar 2014.

Med utgangspunkt i dei partsforholda som gjeld, deltek styremedlemmer som er vald av og blant dei tilsette ikkje i behandling av saker som gjeld arbeidsgivar si førebuing til

forhandlingar arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Styremedlemmane blir oppnemnde for to år om gongen. Val av tilsettrepresentantar skjer annakvart år. Siste val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette var i februar 2017.

### **Vedtak [samrøystes]**

Valstyret for val av tilsettrepresentantar i styret for Helse Bergen HF, for valet i 2019, skal ha følgjande medlemmer:

- Bjørn Grindheim, avdelingstillitsvald for NSF, Kirurgisk serviceklinikk – leiar
- Anne Randi Skirbekk, seksjonsleiar Arbeidsmiljø- og personalrådgiving, Personal- og organisasjonsavdelinga – nestleiar
- Vigdis Fjeld, føretakstillitsvald for NITO/SAN

Valstyret sin funksjonsperiode er fram til valet i 2019 er gjennomført og godkjent.

### **Sak 98/18 A Møteplan for 2019**

Tidspunkt for møtet i november 2019 er bestemt av Helse Vest. Det blir sendt ein førespurnad om det kan flyttast sidan det den veka og skal vere landsmøte for NSF.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret vedtek møteplanen for 2019.

### **Sak 99/18 O Eventuelt**

Ingen saker under eventuelt.

Dato: 31. oktober 2018

---

Svein Gjedrem	Styreleiar
---------------	------------

---

Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
----------------------	-----------

---

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

---

Sett: Bjørn Østbø	Medlem
-------------------	--------

---

Rolf Martin Tande	Medlem
-------------------	--------

---

Mona Haugland Hellesnes	Medlem
-------------------------	--------

---

Sett: Anne-Margrete Bollmann	Medlem
---------------------------------	--------

---

Arvid Langeland	Medlem
-----------------	--------

---

Karen-Anne Stordalen	Medlem
----------------------	--------

---

Irene Hopsdal	Medlem
---------------	--------

---

Geir Arne Sunde	Medlem
-----------------	--------